

## Saksprotokoll 03.06.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Utvalseiar **Bergesen Clarke (A)** gjorde merksam på at det i fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling punkt 1 var nytta feil årstal, og la til grunn at desse vart erstatta av korrekte årstal 2021-2024.

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg, nytt punkt 4 og 5:

4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av sykkelvegtiltak må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.

5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Osbanen - Nesttun - Rådal og Rådal - Skeie og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.»

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Eventuelt kjøp av nye bybanevogner skal finansierast utan ytterlegare bidrag frå Fylkeskommunen.

Alternativ punkt 3:

Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld og føreset at dette skal gjerast i staden for oppstart av nye bompengefinansierte utbyggingsprosjekt.»

## Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (FNB).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (FNB).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (Frp og FNB) for Djuvik sitt forslag, som fall.

Djuvik sitt forslag til tillegg til punkt 2 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 4 fekk 7 røyster (SV, A, MDG og Krf) og fall.

Hammer sitt forslag punkt 5 fekk 3 røyster (SV, MDG og Krf) og fall.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2021 - 2024 slik det ligg føre.

2. Det vil vere behov for å finansiere innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen. Fylkestinget vil vurdere å finansiere dette over det fylkeskommunale bidraget til Miljøløftet, eller syta for at deler av midlane til Bybanen frå bompengeforliket vert avsett til dette.

3. Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld, og vil sjå etter moglegheiter for dette etter at Bybanen byggetrinn 4 er ferdigstilt.